



RÅDSMEDLEMMENE

INNKALLING TIL RÅDSMØTE og fellesmøte HR /RF

Dato: Torsdag 15.06.2017

Klokka 09.00 – 16.00

Stad: First Hotel Kinsarvik

Møteplan i Hardangerrådet godkjent 15.09.2016 gjeld som møteinnkalling.

Agenda:

09.00 – 12.30 Sakshandsaming

12.30 – 13.00 Orientering:

Reisemål Hardanger Fjord v/ Hans Jørgen Andersen

Søknad frå Kvinnherad kommune om å teikna avtale med Reisemål
Hardanger Fjord AS

13.00 – 14.00 Lunsj

14.00 – 16.00 Fellesmøte Regionrådet – Rådmannsforum

14.00 – 14.30 Orientering:

Prosjekt «Nære og døgnopne digitale tenester for innbyggjarar og næringsdrivande»
v/ Rådmann i Kvinnherad kommune Odd Ivar Øvregård.

Saker til handsaming:

HR-sak 13/17 Saker innmeldte ved starten av møtet. Vert tatt opp under sak 20/16.

HR-sak 14/17 Meldingar

HR-sak 15/17 Leigeavtale for rettslokale på Lofthus

HR-sak 16/17 Søknad om støtte til vitalisering av Almerkeparken i Odda.

HR-sak 17/17 Søknad om støtte til filminnspeling i Hardanger.

HR-sak 18/17 Regional plan for kompetanse og arbeidskraft
Uttale frå Hardangerrådet.

HR-sak 19/17 Endring av Hardangerrådet frå 01.01.2020
Drøfting av arbeidsplan for endringsoppgåver.

HR-sak 20/17 Orienterings- og drøftingssaker

- Regional forskrift for bruk av vannscooter ?

HR-sak 21/17 Orientering om viktige politiske saker i kvar kommune og i Hordaland
fylkeskommune – Orientering ved kvar ordførar.

Saker til fellesmøte Regionrådet - Rådmannsforum

HR-sak 22/17 Regionalt bompengeselskap. Nytt takst- og rabattsystem.
Uttale frå Hardangerrådet.

HR-sak 23/17 Vidareføring av prosjekt «Plansatsing 2016 – Hardangerprosjektet» ?

HR-sak 24/17 Omorganisering av NAV Hardanger/Voss etter Værnesmodellen ?
Drøfting

Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 53 67 14 50
Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.

Kinsarvik 23. mars 2017

Jon Larsgard/s
Rådsordførar

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar



Møtedato 15.06.2017	Saksansvarleg Trude Rinaldo
---------------------	-----------------------------

HR-sak 14/17 Meldingar

- Melding 1 Tilsegn om tilskot til Etableraropplæringa i Hordaland frå Hfk av 28.03.2017
- Melding 2 Svar til Hardanger Ungdomsråd frå frå Helse Fonna av 26.04.2017
- Melding 3 Partnerskapsavtale med HFK – tildeling Hardanger av 22.05.2017
- Melding 4 Representant frå Hardanger i referansegruppe for UNESCO creative city Bergen av 01.06.2017
- Melding 5 Invitasjon til referansegruppe – samarbeid om kompetanseutvikling i Hordaland frå HFK av 31.05.2017
- Melding 6 Uttale frå Hardangerrådet vedr. Forslag til endring i nummerering av fylkesvegar i Hardanger/Kvinnherad sendt 31.05.2017
- Melding 7 Søknad om stønad frå AK Glück-Teigland av 07.06.2017
- Melding 8 Invitasjon til formiddagsmøte om nøkkeltal for næringsklyngene på Vestlandet frå HFK av 08.06.2017

HR Melding

Hardangerrådet
Kjøbergbygget
5780 KINSARVIK

Hardangerrådet iks		
Saksøeh:	Kopi til:	
18 APR 2017		
Saksnr.:	Dok.nr.:	Løpenr.:
Videres.til:	Arkivkode:	U.off.S

Dato: 28.03.2017
Vår ref.: 2017/3069-2
Saksbehandlar: tormons
Dykkar ref.:

Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland Tilsegn om tilskot på inntil kr 203 000 til prosjekt Tilskot til etableraropplæringa i Hordaland 2017 - Tilsegn-024-2017.

Vi viser til søknaden dykkar med prosjektplan, datert 15.03.2017, samt oppdatert søknad, om tilskot til ovannemnde prosjekt. Det er med glede vi kan melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 203 000 til prosjektet frå budsjettet for Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland.

For at tilsegna skal vere gyldig må de signere og returnere vedlagte standardvilkår innan 2 veker etter at tilsegnsbrevet er motteke. Dette som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for å gjennomføra prosjektet som planlagt.

Tilsegna gjeld til 30.06.2018. Eventuell søknad om forlenging av tilsegna må sendast sakshandsamar før denne dato.

Tilsegna er basert på Retningsliner for tilskot til etableraropplæring i Hordaland frå 2013. Søkjar er kjend med desse. **Tilskot til kurs vert gjeve med basis i faktisk antal deltakarar på kursa, som då vert rekna ut etter at kursa er gjennomført.** For grunnkurs vert det ytt eit tilskot på inntil kr 2.200 pr deltakar, og for temakurs vert det ytt eit tilskot på inntil kr 1.500 pr deltakar. Det er sett opp i søknaden 1 grunnkurs og 6 temakurs. I tillegg får ein ei flat marknadsføringsstøtte på kr 20.000, samt støtte til å marknadsføre kursa i 3 aviser, med kr 5.000 i støtte pr avis, dvs kr 15.000.

1. Prosjektgrunnlag

Følgjande opplysningar er henta frå søkjar si beskriving av søknaden;

Bakgrunn

Partnerskapsavtalen mellom Hfk og Hardangerrådet om å samarbeide for å styrka regional utvikling, samt Retningsliner for tilskot til etableraropplæring i Hordaland frå 2013.

Prosjekt mål

ETABLERING av nye bedrifter i Hardanger. Eit virkemiddel er etablerarkurs.

Aktivitetar

Det er sett opp i søknaden 1 grunnkurs og 6 temakurs på hausten 2017. Handalag opplæring føl opp alle kursdeltakarar gjennom heile året, og gjennomfører sjølve kursa.

Tidsplan

Kursa vert gjennomført hausten 2017

Organisering

Prosjekteigar: Hardangerrådet iks
 Organisasjonsnr.: 980045412
 Prosjektleiar: Tone Søgaaard
 Epost: tone@yho.no

Prosjektorganisering:

Det er Handalag opplæring v/ dagleg leiar Tone Søgaaard som organiserar og gjennomfører kurs for etablerarar i Hardanger på vegne av Hardangerrådet. Hardangerrådet har kontrakt med Handalag for gjennomføring og oppfølging av etablerarar på kurs.

Samarbeidspartnarar:

Handalag opplæring
 Kommunane i Hardanger

Forankring i HNH

I HNH 2017 står det at entreprenørskap og innovasjon er eit av tre hovudinnsatsområdet, og etablerarkurs er eit av tiltaka som kan nyttast for å nå dette målet.

2. Godkjende kostnader og godkjend finansieringsplan**Løyd beløp:** 203 000**Søknadsbeløp:** 203 000**Godkjend kostnadsplan**

Tittel	2017	2018	2019	2020	2021	SUM
Faste kostnader						
Annonsering	15 000					15 000
Faste kostnader lokaler	21 000					21 000
Faste kostnader						
MARknadsføring	48 000					48 000
Faste kostnader						
organisering	56 000					56 000
Faste kostnader						
Undervisning	64 600					64 600
Variable kostnader 3 t 4						
stk	114 000					114 000
Variable kostnader						
Grunnkurs	28 500					28 500
Variable kostnader						
Temakurs 5t 2 stk	57 000					57 000
Sum kostnad	404 100					404 100

Godkjend finansieringsplan

Tittel	2017	2018	2019	2020	2021	SUM
HNH støtte 2017	203 000					203 000
Inntekt grunnkurs	18 000					18 000
Inntekt temakurs 3t a 4 stk	18 000					18 000
Inntekt temakurs 5t a 2stk	15 000					15 000
x Hardangerrådet						
finansererar udekka inntekt	150 100					150 100
Sum finansiering	404 100					404 100

3. Vilkår for tilskotet

Generelle vilkår:

- Større endringar i prosjektplanen, derunder endringar i budsjett eller finansieringsplan, skal etter søknad frå tilsegnsmottakar godkjennast av fylkeskommunen. Søknaden må vere signert av prosjekteigar.
- Føresetnaden for fylkeskommunen si løyving er at prosjektet vert finansiert slik godkjend finansieringsplan ovanfor viser. Fylkeskommunen sin finansieringsdel kan dekkja **inntil 50,2 %** av dei godkjende kostnader.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt søknad. Om dette kravet ikkje er oppfylt, kan tilskotet bli skjønnsmessig avkorta.
- Informasjon om prosjektet kan verte omtala på www.hordaland.no

Profilering

- I alle presentasjonar av, og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

Retningslinjer for profilering av Hordaland fylkeskommune; www.hordaland.no/profil

Delutbetaling

- Tilsegnsmottakar kan oppmode om delutbetaling gjennom www.regionalforvaltning.no. Oppmodinga må innehalde statusrapportering og kostnadsrapport over akkumulerte kostnader (last opp relevante vedlegg).
- Delutbetaling vil verte gjort i høve til godkjend kostnadsprosent på **50,2 % av akkumulerte kostnader**, maksimalt inntil 75 % av løyvd beløp på kr 168 000. Resterande beløp vert utbetalt ved prosjektavslutning, sjå neste avsnitt.

Prosjektavslutning og sluttutbetaling

- Straks prosjektet er avslutta skal tilsegnsmottakaren sende oppmoding om sluttutbetaling gjennom www.regionalforvaltning.no under «Ny utbetaling».
- I samband med oppmoding om sluttutbetaling skal det fyllast ut ein sluttrapport og kostnadsrapport i www.regionalforvaltning.no. Dette må skje innan 30.06.2018.
- Sluttrapporten og sluttrekneskapan skal handsamast av dei styrande organa i prosjektet og godkjennast av prosjekteigar. Signert *Sluttrekneskap for prosjektet* lastas opp som vedlegg til oppmoding om sluttutbetaling i www.regionalforvaltning.no. Dette gjev formelt grunnlag for endeleg utbetaling av tilsegna.
- Statsautorisert- eller registrert revisor skal attestere sluttrekneskapan for tilsegn over kr 100 000.
- Tilsegnsmottakaren har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll. Vi gjer vidare merksam på at i medhald av §10 i løyvingreglementet og §12 i lov om Riksrevisjonen, kan Kommunal- og regionaldepartementet og Riksrevisjonen setje i verk kontroll med at midlane vert nytta som føreset.

Klage / innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er

klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen eller på epost til regional@hfk.no

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak som det vert klaga på, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson og sakshandsamar for dette prosjektet er;

Torill Monstad

Epost: torill.monstad@hfk.no

Mobil: 988 40 112

Vi ynskjer dykk lukke til med gjennomføringa av prosjektet.

Med helsing

Bård Sandal
fylkesdirektør Regional utvikling

Arthur K Arnesen
konst næringssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Standardvilkår og Sluttrekneskapsskjema

Hardangerrådet
v/Trude L. Rinaldo

 Hardangerrådet iks		
Saksbeh:	Kopi til:	
10 MAI 2017		
Saksnr.	Dok.nr.:	Løp.nr.:
Videres.til:	Arkivkode:	U.off.S

Dykkar ref:

Vår ref:

2017/1042 - 14143/2017

Sakshandamar:

Anne Hilde Bjøntegård tlf 52732035

Dato:

26.04.2017

Uttale frå Hardanger Ungdomsråd om Ambulanse og responstid i Hardanger

Viser til brev datert 16.03.2017 der ungdomsrådet ber om eit møte med Helse Fonna og Helse Bergen knytt til tema responstider for ambulanse i Hardanger. Takk for at de tok kontakt om dette, vi ynskjer dialog om saker og spørsmål de er opptekne av og som angår føretaket si verksmed. Helse Fonna har bedt lokal leiar for ambulansetenesta Jon Olav Digranes om å halde eit møte med dykk, eventuelt saman med leiar for ambulansetenesta i Helse Bergen. Digranes har vore i kontakt med dykk om tid og opplegg for slikt møte.

Med von om eit framleis godt samarbeid.

Vennleg helsing
Klinikk for medisinsk service og beredskap


Anne Hilde Bjøntegård
Klinikkdirektør

Kopi:
Administrerende direktør Helse Fonna
Ordførerne i Hardanger

Melding HR.

REGIONALAVDELINGA
Seksjon for nærings- og lokalsamfunnsutvikling

Hardangerrådet IKS

Saksbeh:	Kopi til:		
31 MAI 2017			
Saksnr.	Dok.nr.	Løpenr.	Saksbehandlar: hanglop1
Videres.til:	Arkivkode:	U.off.S	Dykkar ref.:

HARDANGERRÅDET IKS
Postboks 78
5782 KINSARVIK

Dato: 22.05.2017
Vår ref.: 2017/4410-3
Saksbehandlar: hanglop1
Dykkar ref.:

Fylkesbudsjettet 2017: Partnerskapsavtale mellom Hordaland fylkeskommune og Hardangerrådet IKS – tildeling av 217 000 kroner i næringsretta partnerskapsmidlar for 2017

I fylkeskommunen sitt budsjett for 2017 er det sett av kr 12,298 mill. kr på budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar». I tillegg blir det nytta kr 2,99 mill. kr av budsjettet i «Handlingsplan for nærings- og lokalsamfunnsutvikling i Hordaland» (HNH 2017) til næringsretta partnerar. Fordeling av støtte til partnerar som fekk fornya si støtte i 2017 vart handsama av fylkesutvalet 22.02.2017 (PS 45/2017). Totalt får 23 partnerar og utviklingsaktørar støtte frå fylkeskommunen i 2017. Den politiske saka finn de [her](#).

I denne saka blei det gjort vedtak om at **Hardangerrådet** skal få **kr 217.000** i partnerskapsmidlar for 2017 over fylkeskommunen sin budsjettpost «Næringsretta partnerskapsmidlar». Vi viser også til inngått avtale om partnerskap for 2016, som med dette vert forlenga til også gjelda for 2017.

Fylkesutvalet vedtok å oppretthalde løyvinga til regionråda i 2017, då dei er viktige samarbeidspartnerar for fylkeskommunen. Regionar som har utvida oppgåver knytt til regionale etablerarfond er prioritert med noko meir midlar enn dei dei andre regionane. Når det gjeld Nordhordland IKS så har dette regionrådet også ansvar for etablerarfondet for alle kommunane som fell utanfor dei tre regionane, og dette regionrådet får difor ein større del av skjønsmidlane. Med dette som utgangspunkt er løyvingane fordelt slik i 2017:

- 20 % blir delt likt som grunntilskot på regionane som har ein partnerskapsavtale.
- 70 % blir fordelt i høve til kor mange kommunar som inngår i regionsamarbeidet.
- 10 % blir avsett til fordeling etter skjøn.

I tillegg er det vektlagt at fylkesoverskridande regionar med berre ein kommune i Hordaland får halvt grunnbeløp.

Dette gjev følgjande fordeling for 2017 (runda av til heile tusen):

FORDELING AV MIDLAR 2017

Region	grunntilskot	tal kommunar	skjøn	SUM 2017	2016
Nordhordland	36 800	159 961	60 000	258 000	198 000
Osterfjord	36 800	68 555		105 000	105 000
Aurland Vik Voss	18 400	68 555		87 000	87 000
Sotra Øygarden	36 800	68 555		105 000	105 000
Hardanger	36 800	159 961	20 600	217 000	247 000
Sunnhordland	36 800	182 813	20 600	240 000	270 000
SUM	202 400	708 400	101 200	1 012 000	1 012 000

Rapportering for 2017 skal skje i tråd med partnerskapsavtalen. Som mottakar av partnerskapsmidlar har de også ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt partnerskapsmidlar skal betalast attende snarast.

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura(EHF) til Hordaland fylkeskommune. Fakturaen skal være utan mva.

Send faktura til Hordaland fylkeskommune

- Elektroniske fakturaadresse: 9908:938626367
- Aksesspunkt: Visma

NB! Faktura tilsendt pr. post eller e-post blir returnert.

Merking av faktura

- **Deres referanse** er eit obligatorisk felt i EHF-standard. Vi nyttar eit femsifra ansattnummer for at din faktura skal gå automatisk på flyt til rett mottakar.
- **Deres referanse** i xml-fila: AccountingCustomerParty/Party/Contact/ID

ANSATTNUMMER: 21235

EPHORTENUMMER: 2017/4410-2

For utfyllande informasjon sjå:

<http://www.hordaland.no/nn-NO/om-oss/innkjop-og-faktura/>

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane blir forvalta i samsvar med vilkåra for støtte frå fylkeskommunen. De pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottar melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til:

Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak som det vert klaga på, og dei grunnar som klagen støttar seg til. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjent med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson er:

Hans Inge Gloppen, telefon 97 41 40 40, e-post hans.inge.gloppen@hfk.no

Som partner ønskjer vi dykk lykke til arbeidet med å realisera mål, strategiar og prioriterte innsatsområde for næringsutvikling i Hordaland slik det går fram av vår partnerskapsavtale, tildelingsbrevet og HNH 2017.


Bård Sandal
Fylkesdirektør regional utvikling

Arthur K. Arnesen
Fung. næringssjef

Kopi: Regionalavdelinga v/økonomi: 160.308.00

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fra: Eitrheim Jostein
Sendt: 1. juni 2017 16:38
Til: 'Heidi Bjønnes Larsen'
Kopi: Rinaldo Trude
Emne: SV: Invitasjon til referansegruppe knytt til Bergen sitt medlemskap i UNESCO sitt nettverk for kreative byar som gastronomiby.

 Hardangerrådet iks		
07 JUN 2017		
Saksnr.	Dok.nr.:	Løpenr.:
Videres.til:	Arkivkode:	U.off.S

Hei Heidi !

Frå Hardanger vert det Trude Rinaldo som vil vera representant til referansegruppa.

Med fruktbar helsing frå Hardangerrådet iks
Jostein Eitrheim
Dagleg leiar
post@hardangerraadet.no
Tlf 53 67 14 50 / 47 66 95 24



Fra: Heidi Bjønnes Larsen [<mailto:Heidi.Bjonnes.Larsen@hfk.no>]

Sendt: 1. juni 2017 13:18

Til: 'Rune Heradstveit'; 'Gro Jensen Gjerde'; 'pjm@os-ho.kommune.no'; 'Kristin.Lemme@voss.kommune.no'; 'Sigmund.Kvernes@sintef.no'; 'tore.dale@askoy.kommune.no'; 'lars.mjøs@osteroyindustri.no'; Eitrheim Jostein

Kopi: Mette Nora Sætre

Emne: Invitasjon til referansegruppe knytt til Bergen sitt medlemskap i UNESCO sitt nettverk for kreative byar som gastronomiby

Hei,

Som varsla på regionrådleiar møte den 30.mai skal det opprettast ei referansegruppe med representantar frå dei ulike regionane i Hordaland knytt til Bergen sitt medlemskap i UNESCO sitt nettverk for kreative byar som gastronomiby.

Det blir gjort mykje godt og spennande arbeid knytt til mat i regionane. Og vi ynskjer å knyte dette arbeidet nærmare til arbeidet som blir gjort knytt til UNESCO.

I utgangspunktet tenker vi at referansegruppa som være eit forum for utveksling av informasjon. Men vi trur at denne referansegruppa har potensiale til å bli mykje meir, men det skal dei som er med i gruppa og dei regionene de representerer styra. Talet på møter i året er og noko som vi ynskjer at gruppe sjølv skal kome med innspel på. Vi ber om at alle regionene sender inn namn og kontaktinformasjon på sin representant til referansegruppa innan 12.juni til underteikna. Eg tek kontakt med dei og inviterer til møte i august. Berre ta kontakt om det er spørsmål.

Venleg helsing
Heidi Bjønnes Larsen

Spesialrådgjevar
Regional | Seksjon for nærings- og lokalsamfunnsutvikling
HORDALAND FYLKESKOMMUNE



Melding HR

Saksbeh:	Kopi til:	
07 JUN 2017		
Saksnr.:	Dokument:	Løpenr.:
Videres.til:	Arkivkode:	U.off.S

Dato: 31.05.2017
Vår ref.: 2017/4689-1
Saksbehandlar: camstav
Dykkar ref.:

Invitasjon til referansegruppe – samarbeid om kompetanseutvikling i Hordaland

Hordaland fylkeskommune har leia prosessen med ein regional plan for kompetanse og arbeidskraft for Hordaland. Planen er på open høyring fram til 22. juni, og vert handsama politisk hausten 2017. Hovudutfordringa i planen er korleis hordalanssamfunnet kan ruste seg for å handtere stadig nye krav til kompetanse i arbeidslivet på ein proaktiv måte. Planen har difor fokus på korleis utdanningsaktørane, næringslivet og offentleg sektor i Hordaland kan jobbe saman for å skape betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i den regionale arbeidsmarknaden.

Kompetansepolitikk er eit breitt felt og inkluderer ei rekkje aktørar. Per i dag er det mange aktivitetar og tiltak som blir sett i verk på dette området og det finst allereie fleire samhandlingsarenaer og samarbeidskonstellasjonar som fungerer. Det vert viktig å samordne dette arbeidet slik at alle trekk i same retning, og med klar ansvarsfordeling og oppfølging. Det er difor sentralt å finne ein god modell for informasjonsflyt og samarbeid, med respekt for kvarandre sitt samfunnsoppdrag.

På dialogmøte for kompetanseplanen februar 2017 blei det uttrykt eit behov for å etablere arenaer der aktørane kan diskutere kva behov for kompetanse framtidens arbeidsliv vil ha og korleis desse behova kan fyllast.

Vi ynskjer difor å invitere deg til å delta i ei referansegruppe for arbeidet med å utvikle ein samarbeidsmodell for Hordaland. Vi legg opp til to møte i referansegruppa.

Første møte vil vere 19. juni 12-15 i Hordaland fylkeskommune. Invitasjonen er personlig, men ta kontakt om det er ønskjeleg å sende ein annan representant frå din organisasjon/ditt ansvarsfelt. Vi ber om påmelding innan 12. juni til spesialrådgjevar Camilla Løvaas Stavnes camilla.lovaas.stavnes@hfk.no / 93223034



Hardangerrådet iks




Hordaland fylkeskommune
Samferdsleavdelinga, Vegseksjonen
v/ Seksjonsleiar John Martin Jacobsen
Postboks 7900
5020 BERGEN

Saksbeh:		Kopi til:
31 MAI 2017		
Saksnr.	Bok.no:	Oppsett:
Videres.til:	Arkivkode:	U.off.S

Uttale frå Hardangerrådet vedr. forslag til endringar i nummering av fylkesvegvar i Hardanger/Kvinnherad:

Vi viser møte i Hardangerrådet 30.03. og til presentasjon og drøfting «Vegnummer på fylkesvegane i Hordaland».

I møtet den 30.03. vart det lagt fram slikt forslag til endring av vegnummer på deler av fylkesvegnettet:



Hardangerrådet har drøfta forslaget og gjev følgjande uttale i saka:

1. Hardangerrådet støttar prinsippa som ligg til grunn for gjennomgåande nummerering av fylkesvegane i Hardanger og Kvinnherad. Hardangerrådet ser det som svært positivt at traseen frå Trengereid til Odda via Jondal får gjennomgåande nummerering. Den «nye» hovudtraseen mellom Odda og Bergen vil lettare kunne skiltast når den får ny nummerering slik forslaget inneber.
2. Hardangerrådet krev at fylkesvegen mellom Norheimsund og Granvin framleis må ha nummereringa Fv7. Denne vegen er omkøyringsveg for E16 og den er i tillegg svært kjend og innarbeidd som turistveg. Det er derfor eit krav frå Hardangerrådet at denne vegen framleis skal ha nummereringa Fv7.

Kinsarvik 31.05.2017

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar i Hardangerrådet iks.
Hardangerrådet iks signerar digitalt

Melding HR.

Rinaldo Trude

Hardangerrådet iks		
AK Glück-Teigland <ak@bygdagnist.no>		Kopi til:
7. juni 2017 13:21		
Rinaldo Trude		
Re: Presisering søknad		
08 JUN 2017		
Saksnr.	Dok.nr.	Løpnr.
Videres.til:	Arkivkode:	U.off.S

Fra: AK Glück-Teigland <ak@bygdagnist.no>
Sendt: 7. juni 2017 13:21
Til: Rinaldo Trude
Emne: Re: Presisering søknad

[Last ned bilder med full oppløsning](#)
[Tilgjengelig til 7. jul. 2017](#)

Hei igjen Trude


Så kjekt at du såg oss på fjorden. Det var fantastiske dagar på fjorden med eit glittrande og mangfaldig program.

Men diverre fekk den almennyttige delen av prosjektet ei økonomisk bakside som svir sterkt.

Me fekk ein del ekstrakostnadar knytt til å administrera og gjennomføra skuleopplegget for ungdomskulane i regionen. Tilbakemeldingane var svært gode! Både produksjon og ikkje minst logistikkosntadar til kaileige, løyver og direkte kosntadar til ferja gjorde til at tapet på å gjennomføra den historiske og musikalske reisa i Hardanger til Bergen kjem på nærare 45000kr.

Difor frister eg meg til å spørja: Er det noko frie midlar eg kan stila ein søknad til dykk på for å freista balansera økonomien i denne satsinga? Det vil i grunnen vera avgjerande om me skal ta til med ei vidareføring av prosjektet til neste år i eit tilpassa format.

Ser fram til å høyra frå dykk!



Klikk for å laste ned

IMG_0559.MOV
26,5 MB

.....
Mvh AK Glück-Teigland
Bygdagnist AS
Hardanger åtgaum AS
Holmatun eigedom AS
Tlf 91394506
Sendt frå MacBook Air

Melding HR

REGIONALAVDELINGA		
Forskingsinternasjonalisering og analyse - REG AVD		
Hordangerrådet iks		
Saksbeh:	Kopi til:	
08 JUN 2017		
Saksnr.	Dok.nr.:	Løpnr.:
Videres.til:	Arkivkode:	U.off.S

Notat

Dato: 08.06.2017
Arkivsak: 2016/8640-64
Saksbehandlar: lashans

Til: Alle som jobbar i eller opp mot klyngene

Frå: Regionalavdelinga

Invitasjon til formiddagsmøte om nøkkeltal for næringsklyngene på Vestlandet

Hordaland fylkeskommune inviterer til formiddagsmøte i samband med lanseringa av nøkkeltala for marin, maritim og energiklynga på Vestlandet.

Samfunnsøkonomisk analyse har på oppdrag frå Vestlandsrådet og i samråd med Hordaland fylkeskommune laga ei oversikt over storleiken til desse klyngene og analysert utviklinga over tid, og kjem for å presentere hovudfunna. Tanja Hoel frå NCE Seafood, Ingrid Heradstveit Guddal, klyngerådgjevar i Innovasjon Norge Hordaland, og næringssjef i fylkeskommunen, Mette Nora Sætre, kjem også for å sette tala inn i ein politisk og økonomisk kontekst. Det blir høve til å kome med spørsmål og kommentarar frå salen.

Arrangementet er opent for alle som er interessert i dette temaet, men vi ber om at de melder dykk på slik at vi veit kor mange som kjem. Det blir lett servering etter arrangementet.

Tidspunkt

Fredag 23. juni 2017 kl. 10:00-12:00

Sted

Auditorium Vestlandet på fylkesbygget i Bergen (Agnes Mowinckels gate 5)

Påmelding og informasjon:

<http://kurs.hfk.no/Kurs-og-konferansar/2017/Formiddagsmote-om-naringsklyngene-pa-Vestlandet/>.

Påmeldingsfrist

16. juni 2017

Kontaktperson

Lasse Kolbjørn Anke Hansen, rådgjevar Regionalavdelinga, lasse.hansen@hfk.no, 99 22 84 58.

Med beste helsing

Bård Sandal

fylkesdirektør regional utvikling



Møtedato 15.06.2017

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

HR-sak 15/17 Leigekontrakt for rettslokale i Hardanger Rettsmuseum til bruk for Hardanger Tingrett.

Saksvedlegg:

1. Planteikning for underetasjen ved Hardanger Rettsmuseum.
2. Utkast til leigekontrakt mellom Holmedalsgården AS v/ Hans-Thorvald Hag og Hardangerrådet IKS.

Saksutgreiing:

Å oppretthalda og styrkja Hardanger tingrett er ei svært viktig sak for heile Hardangerregionen. Tilgjenge på tenlege rettslokale er eit vesentleg grunnlag for at Hardanger Tingrett skal fungera best mogeleg. I dag disponerer Hardanger Tingrett rettslokale i Odda og i Norheimsund. På Lofthus, der Sorenskrivarkontoret er lokalisert har tingretten i dag ikkje tilgjengelege til eigna rettslokale. Dette medfører at saker som skal handsamast må gjennomførast anten i Odda eller i Norheimsund. Denne situasjonen medfører høge reisekostnader for både staben ved Sorenskrivarkontoret og i mange høve også for dei innkalla partane.

Rettslokalet på Lofthus står pr. i dag unytta og både Domstoladministrasjonen, Sorenskrivaren i Hardanger og Hardangerrådet ser det som ei svært god løysing om dette lokalet kan takast i bruk som rettslokale for Hardanger Tingrett.

Etter førespurnad frå Hardangerrådet og Ullensvang herad v/ordførar har Domstoladministrasjonen gjeve tilbakemelding om at dei vil ta 50% av leigekostnadene ved ein leigeavtale for desse lokala.

Detaljer fram av vedlagte utkast til leigeavtale.







Saksvurdering:

Idag disponerer Hardanger Tingrett rettlokale i Kvam og i Odda. Disse lokale er stilt vederlagsfritt til disposisjon for Tingretten. For kommunane Granvin, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Jondal finst det ikkje godkjende rettslokale som Tingretten kan nytta. Det fører til at saker knytta til desse kommunane må førast anten i Kvam eller Odda eller i nokre tilfelle på Sorenskrivarkontoret på Lofthus.

Ved å inngå ein leigeavtale for desse lokala vil alle kommunane/herada i Hardanger ha «sitt» rettslokale som vert stilt til disposisjon for tingretten. I tillegg vil det opna opp for at Hardanger Tingrett kan tilby eit eineståande lokale for vigsel hos Sorenskrivaren. Også uteområdet, som er svært flott kan disponerast ifm vigsel og tilhøyrande fotografering.

Nøkkeltal for leigekontrakt er:

Eingongskostnad for naudsynt oppgradering	275 000
Fordeling:	
Utleigar 50%	137 500
Hardangerrådet IKS 25%	68 750
Domstoladministrasjonen 25%	68 750
Sum	275 000
Månadleg husleige:	15 000
Fordeling:	
Hardangerrådet IKS 50%	7 500
Domstoladministrasjonen 50%	7 500
Sum	15 000


Forslag til fordeling av leigekostnad mellom kommunane Granvin, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Jondal:

Kostnader:		2017	2017	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Eingongskostnad		68 750		Sum					
Månadleg husleige			7 500		7 500	7 500	7 500	7 500	7 500
Antall månader			6		12	12	12	12	6
Husleige pr. år	%-fordeling		45 000		90 000	90 000	90 000	90 000	45 000
Fordeling:	Folketal	folketal							
Eidfjord	925	12 %	8 518	5 575	14 093	11 151	11 151	11 151	5 575
Jondal	1104	15 %	10 166	6 654	16 820	13 308	13 308	13 308	6 654
Ullensvang	3401	46 %	31 318	20 499	51 817	40 998	40 998	40 998	20 499
Ulvik	1116	15 %	10 277	6 726	17 003	13 453	13 453	13 453	6 726
Granvin	920	12 %	8 472	5 545	14 017	11 090	11 090	11 090	5 545
Sum	7466	100 %	68 750	45 000	113 750	90 000	90 000	90 000	45 000

Med bakgrunn i storleiken på kostnadene som vil gjelda for kvar kommune/herad vert det føreslege at Regionrådet gjer endeleg vedtak i saka utan at denne treng ny politisk hansaming i kvar kommune/herad.

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet iks inngår leigeavtale for rettslokale på Lofthus i samsvar med framlagt utkast. Leigeavtalen vert inngått mellom Hardangerrådet og Holmedalsgården AS. Hardangerrådet inngår avtale med Domstoladministrasjonen om dekning av 50% av leigekostnaden for heile avtaleperioden.



AARDBÄNGET RETTSMUSEUM, JOFTUNUS
 PLAN AV UNDERTÄSTEN,
 DDD 27.06.94, 07.08.94, 24.08.94
 J & S. SEKSE. SIV.ARK. MNAL.

HUSLEIGEKONTRAKT.

For eigedomen: Rettslokale , Lofthus, gnr.74 bnr.114
Utleigar: Holmedalsgården AS v/ Hans Thorvald Hag,
Skjoldstølen 14, 5236 RÅDAL
Leigar: Hardangerrådet IKS, Postboks 78, 5782 KINSARVIK

§1.

Kva leigeavtalen omfattar.

Leigeavtalen gjeld: Kjellaretasje i eigedomen gnr. 74 bnr. 114 Jfr. vedlagte teikning som viser det leigde areal i kjellaretasje. Arealet utgjer omlag 140 m².

Adresse: 5781 LOFTHUS

Leigeavtalen omfattar:

- Møblar i rettslokale, gang, domarkontor, vitnerom og advokatkontor.
- tilgang til hagen i samband med t.d. vigsel og tilhøyrande fotografering, men då etter avtale med utleigar.

§2.

Bruk av leigeavtalen omfattar.

Bustaden skal nyttast til: Rettslokale.

§3.

Leigesummen.

Husleige, kr 15.000,- pr. måned, skal betalast på forskot den 1.i kvar måned, fyrste gong for juli måned 2017.

Vassavgift, kloakkavgift, feiaravgift og renovasjon er inkludert i husleiga.

Leigaren må m.a. sjølv syta for å tinga straumabonnement. Målar nr. ????.

Husleiga kan regulerast etter utløpet av første 5-års periode i leigeperioden. Leiga kan maksimalt aukast med endringa i konsumprisindeksen i tida etter siste leigefastsetjing.

Reguleringa må varslast skriftleg med ein frist på minimum ein måned. Utgangspunktet for berekninga er indeksen for juli måned 2017.

Kostnader til istandsetting, jfr. rapport frå Sivilarkitekt Ingmar Askeland, er stipulert til kr 275.000,- og vert delt 50/50 mellom utleigar og leigetakar.

§ 4

Depositum m.m.

Leigar betaler ikkje depositum.

§5.

Leigetida.

Leigaren overtek det leigde lokale den 01.07.2017.

Leigetilhøvet er uoppseieleg i ein 5-års periode frå 01.07.2017 – 30.06.2022. Avtalen føreset ein opsjon til vidareføring for 5+5 år med ei gjensidig oppseiingstid på 1 år. Oppseiinga etter første 5-års periode eller i opsjonsperioden skal vera skriftleg.

§6.

Overlevering av bustaden.

Utleigaren skal stilla lokalet til råvelde for leigaren til avtala tid og i fullgod stand, reingjort og med tenlege låsar til utedør. Likeeins skal kloakk-, vatn-, varme- og elektriske leidningar til lampepunkt og stikkontaktar, omnar og kaminar vera i skikkeleg stand når leigetakar tek lokalet i bruk.

Vil leigaren klaga over at lokalet ikkje er i den stand det skal vera etter lov eller avtale, må han setja fram klage på dette innan 14 dagar etter at han tok over lokalet. Elles vert tilhøva rekna som godtekne.

§7.

Utleigaren sine plikter i leigetida.

Utleigaren skal syta for at lokalet står til rådvelde for leigaren i leigetida, og at bygningen er i god stand. Utleigaren skal halda ved like lokalet med dei leidningar og innretningar som høyrer til for avlaup og forsyning med vatn, varme og elektrisk straum til lampepunkt og stikkontaktar. Trengst det nytt tapet, måling eller istandsetjing og oppussing elles etter vanleg slit og elde, skal utleigaren syta for det, når og så ofte det etter sedvane er påkravd for slike eigedommar, husvære eller rom, om ikkje anna er avtala eller nemnt her.

Utleigaren har det fulle vedlikehaldsansvaret for fellesareal. Utleigar har vidare ansvaret for alt vedlikehaldet i husværet som ikkje er oppnemnt under pkt. 8.

§8.

Leigetakar sine plikter.

Leigetakar skal på eigen kostnad halda ved like leidningar og innretningar som han sjølv har sett opp. Alt arbeid som leigetakar pliktar å utføra, skal han gjera utan ugrunna opphald og på ein handverksmessig forsvarleg måte.

Leigaren pliktar å halda seg etter vanlege ordensreglar som utleigar fastset til sikring av god husorden og forsvarleg handsaming av eigedomen.

§9.

Leigetakar si meldeplikt.

Leigetakar pliktar straks å melda frå til utleigaren om all skade på lokalet og eventuelt eigedomen. Let han vera å gje slik melding, taper han sitt mogleg erstatningskrav og er ansvarleg for alle skader som kjem av forseinkinga.

§10.

Framleige

Framleige kan ikkje skje innanfor ramma av denne husleigekontrakten.

§11.

Reglar om ymse tilhøve.

Lokalet må ikkje utan samtykkje frå utleigaren nyttast på annan måte enn det som er sagt i avtalen eller det som var føresetnaden. Når det trengst, lyt leigetakar finna seg i at utleigaren tek seg tilgjenge til lokalet. Om endringar og utbetringar i bustaden gjeld det som er sagt i husleigelova §§ 5-4 , 5-5 og 5-6 Leigetakar må ikkje utan samtykkje frå utleigaren gjera endringar i lokalet som t.d. leggja nytt golv, å ta bort, flytta eller byta omnar eller liknande.

§12

Endringar i leigetilhøvet.

Leigeavtalen fell bort dersom bustaden eller eit einskild rom vert øydelagd av brann eller anna uhell, anten leigetakar hadde teke over lokalet då dette hende eller ikkje.

§13

Dersom leigetakar bryt avtalen.

Utleigar kan gi leigetakar skriftlege meldingar/advarslar i samband med leigetilhøvet og manglande oppfølging frå leigetakar si side.

Dersom leigetakar vesentleg mislegheld sine plikter etter leigeavtalen, har utleigar rett til å seia opp eller heva leigeavtalen. Vert leiga eller avtala tilleggsytingar ikkje betalt innan 14 dagar etter at skriftleg påkrav etter tvangsfullbyrdingslova § 4-18 har funne stad på eller etter forfallsdag, kan leigaren kastast ut utan søksmål etter tvangsfullbyrdingslova § 13-2, 3. ledd, a.

I påkravet skal det stå at dersom leiga ikkje vert betalt innan 14 dagar etter at påkravet er motteke, har utleigaren rett til å krevja at leigaren vert kasta ut.


Når leigetida er ute, godtek leigetakar at utkastning kan skje utan søksmål, jf. tvangsfullbyrdingslova § 13-2, 3. ledd b/evt. c. Dersom leigar gjer vesentlege brot på leigeavtalen, kan avtalen hevast, jf. tvangsfullbyrdningslova § 13-2, 3. ledd d.

Når leigetakar flytter etter å ha vorte kasta ut eller etter krav frå utleigaren på grunn av at leigeavtalen ikkje er halden, pliktar han å betala leige for den tida som er att av leigetida med frådrag for det som utleigaren får inn ved eventuell ny utleige av bustaden. Leigaren må og betala dei utgiftene som utkastning, søksmål og rydding fører med seg.

§14

Fråflytting.

Når leigetida er ute, skal leigetakar lata utleigaren få lokalet att med det som høyrer til, reingjort og i same stand som då han overtok den, frårekna skade etter vanleg slit og elde og likeins dei feil som utleigaren skal retta. Dersom flyttedag i avtalen (lova) ikkje fell saman med leigeterminane, skal husleiga regulerast for dei dagane som ligg i mellom. Dersom ikkje anna er avtala, må ikkje leigaren fjerna fast inventar, leidningar og liknande som han har sett opp, med mindre han set bustaden i same stand som så han overtok den. Manglar som leigaren ikkje har utbetra, kan utleigaren utbetra for leigaren sin kostnad.



Underskrivne utleigar og leigar er kjende og godtek alle punkt i denne avtalen som er utferda i 2 eksemplar, eitt til kvar av partane.

Kinsarvik, 01.10.2017

Utleigar:
Holmedalsgården AS
v/ Hans Thorvald Hag

Hans Thorvald Hag

Leigetakar:
Hardangerrådet IKS

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar



Møtedato 15.06.2017	Saksansvarleg Jostein Eitrheim
---------------------	--------------------------------

HR-sak 16/17 Søknad om støtte til vitalisering av Almerkeparken i Odda

Saksvedlegg:

Presentasjon av «Prosjekt vitalisering av Almerkeparken i Odda»

Søknad:

Prosjektet vil styrke Odda som regionsenter ved å være en samlingsplass for regionale utøvere av kunst og kultur, og bli en arena for arrangementer som favner vidt utover Oddas grenser.

Om prosjektet

Navn/Organisasjon:

Odda By

Organisasjonsnummer:

979 256 078

Prosjektnavn:

Almerkeparken

Prosjektbeskrivelse (kortfattet):

Sommeren 2017 ønsker vi å vitalisere parken vår. Vi vil gjøre den bedre og brukbar flere dager i året ved å sette opp en seilduk til tak og opprette en kulturarena, inkludert salg, lek og opplevelser. Odda by står som søker på prosjektet, og har 54 medlemsbedrifter.

Beløpet det søkes om (i hele kroner):

100 000

Viktigste målgruppe for prosjektet:

Kulturbasert næring, turister og lokalbefolkning

Prosjektets startdato:

01.06.2017

Prosjektets sluttdato:

20.06.2017

Organisasjonens kontonummer:

35 302 077 167

Kontaktinformasjon

Navn på kontaktperson:

Inge Lægreid

Epost:

inlae@online.no

Gjenta Epost:

inlae@online.no

Telefon:

95889604

Adresse:

Freimsveien 29

Postnummer (4 siffer):

5750

Poststed:

Odda

Om søker + vedlegg

Søkes det støtte fra andre:

Sparebankstiftinga Hardanger, Odda kommune, Sparebanken Vest

Antall medlemmer i lag eller organisasjon:

54 medlemsbedrifter

Saksutgreiing:

Odda By, som representerer handelsverksemder i Odda søker Hardangerrådet om støtte til realisering av plan for bygging av seglduk over den sentrale del av Almerkeparken i Odda.

Tiltaket er meint å gjera området meir attraktivt for besøkjande og kunne nyttast til ulike føremål samstundes som området vert langt meir veruavhengig enn tilfellet er idag.

Prosjektet har ei kostnadsramme på 700.000. Odda by søker Hardangerrådet om støtte på kr 100.000.

Saksvurdering:

Av søknaden går det fram at aktivitetane ein tenkjer seg lagt til dette området vil kunne omfatta tilbod og tenester frå heile Hardangerregionen. T.d.

- Sal av lokalmat og drikke frå Hardanger,
- Informasjon om andre reiselivstilbod i regionen,
- Kulturarrangement med aktørar frå heile Hardanger.
- Utstilling av lokal kunst av kunstnarar frå Hardanger.

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet støttar «Prosjekt vitalisering av Almerkeparken i Odda» med kr 50.000. Beløpet vert dekkja frå restmidlar Regionalt Næringsfond. Føresetnad for støtte er fast profilering av Hardanger på området.



Du finner en flimsnutt på Youtube som viser prosjektet:
<https://www.youtube.com/watch?v=KXKKxp-NG3Q>

Midt i vår vesle Odda by, mellom havna og gågata ligger **Almerkeparken.**

Like ved kollektivknutepunkt og parkering.

Den er et naturlig møtepunkt for fastboende og besøkende. Den er universelt utformet og vel ivaretatt med vakker beplantning.

Parken er anlagt med et senter av steinheller og gråsteinsmurer med gressbakker rundt.

Sommeren 2017 ønsker vi å **vitalisere parken** vår. Vi vil gjøre den bedre og brukbar flere dager i året.



Dette har vi i parken :)



Hvordan gjør vi det?

Vi setter opp et system for å trekke **seilduk** over, som kan stå oppe i sommerhalvåret. Med det oppnår vi mye:

- et tørt område uansett vær
- et enda mer **synlig møtepunkt**
- et forutsigbart «lokale» for pop up-arrangementer
- en park man alltid kan søke til

Odda opplever en turisteksplosjon på grunn av Trolltunga-effekten og mange strømmer gjennom byen vår hver dag. Gjestene søker til butikker, kafeer og turistkontor for informasjon, turtips og nettilgang.

Vi ønsker at Almerkeparken skal være et slikt **møtested for informasjon og opplevelsesutveksling**.

Vi tror at et slikt møtested kan bidra til å få turistene som primært kom for å oppleve Trolltunga til å stoppe flere dager i regionen vår og slik

styrke reiseliv- og handelsnæringen. Det er viktig.

Vi skal være gode på vertskap og vi må være i endring og fornying. Dette vil være et nytt og svært synlig innslag i regionsenteret Odda og vårt prosjekt vil bl.a. gjøre parken til Hardanger sin første frie Wifi-sone ute.

Turistinformasjonen vil ha fast stand, og starte sine by- og kulturvandring fra seilduken.



Dette arbeider vi for å få til :)



I prosjektet vil vi sette opp en **datofestet plan** for store og små arrangementer som skal foregå i parken.

Odda By har allerede mange av sine faste arrangementer der gjennom hele året.

Vi tenker oss at ei god uke om sommeren kan se slik ut:

Mandag: Grilling

Tirsdag: Turlaget har stand og forteller om gode turmål

Onsdag: Sider - om eple og edle dråper


Torsdag: Torgdag

Fredag: Live musikk

Lørdag: Smak av Hardanger, sesongens frukt og bær, lokalmat

Søndag: Musikk

Bredden av arrangementer er utømmelig. Det vil være en blanding av musikk, litteratur, kultur og tradisjon, kunst, utstillinger, småskalaprodusenter, salg, lek og moro.



Tasty

Budsjett

Seilduk med fester og stolper og grunnarbeid	400 000
Møbler	60 000
Wi-Fi	70 000
Lydanlegg	100 000
Informasjonstavle, digital	30 000
Uforutsett	40 000
Totalt	

Kommentert [t1]: Her er det en feil. Totalen er på 610 000

Inndekning

Odda kommune	150 000
Sparebankstiftinga Hardanger	150 000
Odda By	75 000
Blueslaget Lokst Utøve	10 000
Hardangerrådet	100 000
Sparebanken Vest	215 000
Totalt	700 000



Møtedato 15.06.2017

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

HR-sak 17/17 Søknad om støtte til filminnspeling i Hardanger

Saksvedlegg:

Vedlegg 1 Søknad frå Nordisk Film

Vedlegg 2 Torden lookbook

Sakstilfang:



MORTAL -

Saksutgreiing:

Av vedlagte søknad går det m.a. fram:

Spillefilmen "Torden" / "Mortal" er en norsk/internasjonalt film fra regissøren av "Trolljegeren". Det er en storslått underholdningsfilm som innholdsmessig og tematisk er sterkt forankret i Hardanger. Vi starter opptak ca 20. juni, og fortsetter ut i juli. Det er også snakk om mulige opptaksdager i Hardanger også seinere på høsten.

Kort om verdien av støtte for regionen - motytelse

Vi tror jo at regionen Hardanger overordnet sett, samt de ulike stedene vi filmer konkret sett, har mye å tjene på at vi gjør opptak av filmen der.

Vi lager en storfilm i størrelse med Max Manus og Bølgen, og vi har en stor internasjonal side, større enn de to nevnte filmer. Det kommer en amerikansk skuespiller som skal spille en stor rolle i filmen og filmprosjektet er allerede delfinansiert gjennom salg til flere titalls land for den er innspilt, noe som sier mye om interessen der ute. Dette garanterer også for at filmen blir vist for et

stort antall mennesker verden over når den har premiere til høsten neste år, og i årene framover med visning på dvd, streaming etc. Et filmprosjekt som dette blir historisk og vil alltid leve og tilgjengeliggjøres for et publikum, til enhver tid, i evig framtid. Tenk på hva filmer som Star Wars har betydd for Finse, eller Bølgen for Geiranger. Denne filmen blir Nordisk Film sin storsatsning for 2018. Vi jobber også sammen med Netflix om en større tv-serie basert på samme univers, med samme lokasjon i tankene, men for et yngre publikum. Dette er et prosjekt vi setter i utvikling fra høsten av.

Vi har store ambisjoner med filmen, men budsjettet og kostnadene er likevel hardt presset og vi må her søke etter litt regionalt tilskudd for å klare denne delen av produksjonen som ønsket. Regissøren er fra Os og det er viktig for han og for oss andre i prosjektet at vi filmer mest mulig i Hardanger da det nettopp skaper en autensitet som vil synes godt i filmen.

Vi er takknemlig for all bistand og velvilje fra regionale aktører på praktikk og tilrettelegging, det settes stor pris på. Men vi har nå møtt på noen uforutsette utfordringer og begrensninger: ledighet og pris på hotell/overnatting, merkostnader knyttet til transport, reise, logistikk, ferje- og helikopteropptak med mer. Store avstander er også en utfordring som gir merkostnader i reise og overtidbetaling til stab.

For å opprettholde vårt ønske om mest mulig opptak i regionen så søker vi herved Hardangerrådet om økonomisk tilskudd på hele eller deler av en totalsum på NOK 450.000,-.

Vil vil deretter søke kommunene om differansen mellom det eventuelle tilskuddet fra Hardangerrådet og det gjenværende beløp.

Denne summen er var ubalanse i budsjettet, og konsekvensene av denne ubalansen er at vi må redusere andelen opptak i regionen og innholdsmessig forenkle filmen. Det tror vi er svart uheldig for begge parter (dere i regionen, og oss som lager filmen). Litt økonomisk bistand kan gjøre at vi kan slå oss til ro og beslutte å filme i deres region som opprinnelig planlagt. Konsekvensen av ubalansen er at vi må se mot andre løsninger som dessverre tvinger oss til å flytte deler av de planlagte opptakene til et andre steder. Vi anser eventuelle støtte fra dere som øremerket forbruk i regionen, og på den måten vil alt av dette lokaliseres tilbake til næring i regionen deres.

Vi ønsker ikke å sette presidens for andre filmprosjekter som ønsker å gjøre opptak i regionen, men på grunn av vår tidsramme så har vi ikke klart å budsjettere riktig kostnadene å faktisk filme i Hardanger, før nå nylig. Ei heller å finansiere opp disse merkostnadene. Prosjekter med enda lenger tid til forarbeid kan innordne seg på mer fordelaktige måter, få tid til booking, forhandling etc.

Steder vi ser for oss å filme:

Odda

Buarbreen

veier til/rundt Matre

Matre

Rosendal

Arnes (kai)
Kinsarvik
Osa
Ulvik
Hardanger-broen
Eidfjord
Ardal
Turtagro
Brimnes

Konkrete verdier / motytelser:

**Den totale markedsføringsverdi av Hardanger nasjonalt og internasjonalt*

**Vi gjør et totalt forbruk i regionen, og Vestlandet på et sted mellom 4 og 6 millioner kroner (hoteller/overnatting, transport, utstyr, leiebiler, skuespillere, arbeidskraft etc.)*

**Lokasjoner som ikke ville blitt filmet gjøres mulig ved hjelp av denne støtten*

**Vi tilbyr tilbake en pakke av høykvalitets bilder/film/video til eget promo og bruk, etter filmens lansering*

**Vi stiller oss disponible for fremtidig rådgivning, samt kunnskaps- og erfaringsdeling til dere i Hardangerrådet, kommunene og evt. andre som ønsker å gjøre opptak i regionen.*

**Annet – som vi kan avtale videre*

Saksvurdering:

Hardangerrådet meiner at eit filmprosjekt som dette vil ha marknadsføringseffekt for Hardangerregionen. Naturen i Hardanger vil gjennom filmprosjektet verta vist i svært mange land og til eit breidt publikum. Verdien av dette vil kunne visa i form av besøk til regionen i etterkant.

Hardangerrådet synest det er viktig at filmopptaka vert gjort i regionen i størst mogeleg grad, men det er ikkje mogeleg for oss å kunne gje økonomisk støtte til prosjektet i den storleik det vert søkt om.

Ein økonomisk støtte til dette filmprosjektet må evt. verta ei deling mellom Hardangerrådet og dei kommunar der det skal gjerast innspeling av scener til filmen.

Vi føreslår ein støtte på kr 50.000 frå Hardangerrådet til prosjektet og let det verta opp til kvar kommunane å gje støtte i tillegg til dette.

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet støttar filmprosjektet «Torden» med kr 50.000. Beløpet vert dekkja gjennom restmidlar Regionalt næringsfond.



NORDISK FILM

EGMONT

Hardangerrådet
Kjøbergbygget
Kinsarvik

5. juni 2017

Søknad Hardangerrådet om støtte til filminnspilling

For å opprettholde vårt ønske om mest mulig opptak i regionen så søker vi herved Hardangerrådet om økonomisk tilskudd på hele eller deler av våre uforusette merkostnader knyttet til opptak i Hardanger, på NOK 450.000,-

Jeg anmoder om at søknaden blir diskutert og tatt opp til behandling i møtet som Hardangerrådet har 6. juni 2017, og i etterkant eventuelt videreformidlet til Regionrådet.

Det er naturlig at kommunene diskuterer en eventuell relevans og fordeling seg i mellom, og jeg søker også kommunene direkte.

På grunn av tidsrammen så ber jeg om at søknaden behandles nå i juni, før sommerferien.

Håper på forståelse og velvilje knyttet til tidsrammen, og litt hastverk knyttet til dette.

//

Spillefilmen "Torden" / "Mortal" er en norsk/internasjonalt film fra regissøren av "Trolljegeren". Det er en storslått underholdningsfilm som innholdsmessig og tematisk er sterkt forankret i Hardanger. Vi starter opptak nå 20. juni, og fortsetter ut i juli. Det er også snakk om mulige opptaksdager i Hardanger også seinere på høsten.

Vi har store ambisjoner med filmen, men budsjettet og kostnadene er likevel hardt presset og vi må her søke etter litt regionalt tilskudd for å klare denne delen av produksjonen som ønsket. Regissøren er fra Os og det er viktig for han og for oss andre i prosjektet at vi filmer mest mulig i Hardanger da det nettopp skaper en autensitet som vil synes godt i filmen.

Vi er takknemlig for all bistand og velvilje fra regionale aktører på praktikk og tilrettelegging, det settes stor pris på. Men vi har nå møtt på noen uforutsette utfordringer og begrensninger: ledighet og pris på hotell/overnatting, merkostnader knyttet til transport, reise, logistikk, ferje- og helikopteropptak med mer. Store avstander er også en utfordring som gir merkostnader i reise og overtidbetaling til stab.

For å opprettholde vårt ønske om mest mulig opptak i regionen så søker vi herved Hardangerrådet om økonomisk tilskudd på hele eller deler av en totalsum på NOK 450.000,-.

Vil vil deretter søke kommunene om differansen mellom det eventuelle tilskuddet fra Hardangerrådet og det gjenværende beløp.

